

ÅRSRAPPORT 2020 JU15



Lag:	JU 15	Trenarar:	Kristin B.Sæterås Silje Strand Øystein Hovlid
Tal spelarar:	Ca 12 spelarar: Årskulla 2009 (to spelarar), 2008 (èn spelar), 2007 (sju spelarar) og 2006 (to spelarar).	Oppmann:	Rune Aarflot Irene Krumsvik
<u>Turneringar / seriespel:</u>			
<ul style="list-style-type: none">• Seriekampar i Fagerlihallen 18. oktober. Plassering: Suveren 1. plass• FørdeCup var planlagt i november, men dette vart avlyst			

Laget har treningar måndagar og torsdagar, og i tillegg har nokre av spelarane delteke på JU17/ 2. div. treningane som Rune Bernås har ansvar for.

Fleire spelarar deltok på open regionlagssamling i Molde i oktober. To av spelarane – Ingrid Simonsen og Runa Redse-Arset vart uttekne til å delta på regionslaget og var på treningssamling i desember. NM for regionslag vart avlyst, men ei fjør i hatten er det likevel til dei av spelarane våre som er tekne med på laget.

To spelarar, Ingrid Simonsen og Runa Redse-Arset er tekne ut til å vere med vidare på U 16-landslagssamlingar.

Tre spelarar var på dommarkurs arrangert av Rune Bernås i mars 21, og blir etter kvart dommar 1.

ÅRSRAPPORT 2020 Mini G2010



Lag:	Mini - G2010	Trenarar:	Bodil B Helle Nancy A.E. Brattli Pål Are Eikrem Henning Helle
Tal spelarar:	Ca. 9-10	Oppmann:	Elin Vatne
Turneringar / seriespel: <ul style="list-style-type: none">• Turnering Ålesund 1.februar• Minisandvolleyballskule med internturnering Årneset juni• Turnering Ellingsøya 16.oktober• Internturnering 2.desember			

Treningar/trenarar:

Voldahallen/ Volda Campus Sparebank1 Arena: Onsdagar kl.19-20

Kva har vi gjort:

Året starta med treningar i Voldahallen med Vlado som instruktør. Det løfta kvaliteten på treningane. Det vart tempo i øvingane, mange gode tips til nye øvingar og teknikk. Vi var ei stor gruppe med 20-25 born på treningane, der 10 av spelarane var født i 2010. Var ein del utfordringar med organisering og struktur. Vi fekk etter kvart organisert oss betre og ei stor hjelp var at vi fekk oss oppmann. Vi laga arbeidsgruppe og hadde møter med planlegging.

1.februar var det miniturnering i Ålesund. Her stilte vi med eit lag. Spelarane hadde det kjekt og fekk møte lag frå andre klubbar.

Då corona kom i mars, vart det pause i treningane. Vi starta opp igjen med minisandvolleyball på Årneset i juni. Vi hadde sommaravslutning på Årneset med internturnering ved skuleslutt.

I sommarferien arr. vi minisandvolleyballskule med Vlado som instruktør. Her fekk borna ei fin innføring i sandvolleyball.

I august starta vi opp igjen med treningar innendørs. Vi måtte då dele gruppa i to pga coronareglar og max antal 20. Vi delte dei inn i 1.-4.klasse og 5.klasse for seg sjølv. Samtidig trengte vi fleire hender og var heldig å få hjelp frå aktive spelarar på eldre lag.

16.oktober deltok vi på turnering i Ellingsøyhallen. Vi stilte med to lag. Det vart mest sigarar og nokre tap. Vi møtte lag frå Blindheim og Rival og erfarte at vi nok kunne meldt oss på i nivå 3 og ikkje i nivå 2 slik vi hadde gjort.

2.desember hadde vi internturnering i treningstida. Dette fordi turneringa Volda skulle arr. i november, vart avlyst pga corona. Vi spelte fleire kampar på tid og med valfritt nivå to eller tre. Nokre av spelarane har veldig lyst å spele nivå 4 og dette gjer vi av og til.

9.desember hadde vi første trening i Volda Campus Sparebank1 Arena. På ny vart det behov for endring i organisering med mottak og coronaregistrering. Dette løyste seg fint etter kvart. Gruppa er heldig som har ei positiv foreldregruppe som støtter ved behov.

ÅRSRAPPORT 2020 Mini-rekrutt 2012-2014

Lag:	JU 15	Trenarar:	Bodil B Helle Nancy A.E. Brattli
Tal spelarar:	Ca 20	Oppmann:	Anders Nupen
<u>Turneringar / seriespel:</u> •			

Laget har treningar onsdag kl.17-18.

Vi er ei treningsgruppe på ca 20 gutar og jenter frå 1.-3. klasse. Denne sesongen har dessverre heller ikkje vi fått delteke på cup/arr. grunna koronarestriksjonar. Vi har likevel hatt stabilt oppmøte og god motivasjon for å lære minivolleyball. Vi prøver tilpasse ut frå den enkelte sitt ferdighetsnivå uavhengig av årgang. Ein del leik med ball legg vi også vekt på i treninga. Før jul og i vinterferien har vi hatt sosial kveld etter trening med pizzakvelds. Det er inspirerende å sjå eit godt samhald i spelargruppa. Vi håpar få følge spelarane i mange år framover.

ÅRSRAPPORT 2020 – 2. div damer / JU17 / JU19



Lag:	2. div damer, JU17 / JU19
Tal spelarar:	+/- 25 stk i veldig varierende grad
Turneringar / seriespel:	
<ul style="list-style-type: none"> • 2. divisjon serie • JU17-turnering i molde • Deltagelse på regionslagssamlinger for noen spillere 	

Trenarar:	Rune Bernås Vilde Sofie Sleire Ingrid Redse- Mjaaseth
Oppmann:	Rune Bernås
Plassering/resultat:	
<ul style="list-style-type: none"> • 1. plass 2. div (ikke offisielt pga Corona-stopp) • 3. plass JU17-turnering • 3 spillere kvalifisert til bruttotropp regionslag • 1 spiller kvalifisert til aldersbestemt landslag (+ 2 stk U17-spillere som normalt trener med førstelaget) 	

Treningar:

Mandag 20:30 – 22:00

Onsdag 19:00 – 21:00

Fredag 16:30 – 18:30

Spelarar

- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Runa Redse-Arset • Ingrid Redse Mjaaseth • Sunniva Redse Mjaaseth • Siri Stranden • Karoline Løvik Orvik • Lea Kristin Albertsen • Vilde Sofie Sleire • Selma Jin Iversen | <ul style="list-style-type: none"> • Hedda Emilie Musli Jørgensen • Maja Aasmo Halkjelsvik • Malin Øye Åshamar • Alma Erdal El'Mourabit • Synne Bakke Sæterås • Anita Osvoll Aasen • Adele Siren Bjerkvik Enerhaug • Angel Nguyen |
|--|---|

- Eline Vik Henriksen
 - Eli Rogne Strømmen
 - Ingrid Indresøvdde Bernås
 - Henna Holsvik Eriksen
 - Jasmin Evert
 - Ine Brunstad Osvoll
 - Kaisa Håvik
- + diverse venner som har vært med på noen treninger

Mål / kva har vi gjort?

Årets sesong er et samarbeid mellom KFUM Volda og VSI.

Før sesongen hadde ikke KFUM Volda spillere til å melde på et lag i 2. divisjon. Studentene hadde meldt på lag, men når sesongen nærmet seg viste det seg at de manglet spillere. Så ble det enighet om at vi skulle forsøke å slå oss sammen og lage et lag. Det ble en stor suksess når en ser på rekruttering og resultat i serien. Laget ble et andrelag for KFUM Volda på damesiden.

Når laget har spilt kamper i 2. divisjon har laget også hatt med noen av de yngste spillerene fra førstelaget.

I serien var vi ubeseiret med settforskjell 15-1 når sesongen ble avsluttet. Nærmeste konkurrent på resultatlisten var Blindheim som hadde settforskjell 18-2 med en kamp mer spilt. Ut fra dette utroper vi oss selve som uoffisielle vinnere av serien med best sett-forskjell.

Corona har dessverre satt en veldig begrensning på aktiviteten denne sesongen. Vi har kun fått spilt en turnering med JU17 der vi tok med alle under 20 år som ville spille volleyball. Det var en kjekk turnering der en del fikk spilt sin aller første volleyball-kamp.

Rekrutteringsmessig så kan en konkludere med at sesongen har vært en suksess. Vi har fått tilført mange nye spillere i år og en del av disse har blitt de ivrigste på treningsoppmøte. Dessverre har også sesongen vært litt preget av frafall. Spillere over 20 år har hatt begrenset anledning til å trene pga restriksjoner, og vi har hatt frafall av spillere på grunn av perioder med lite eller ingen kamp-aktivitet. Studentene som var en viktig del av laget i starten av sesongen har nå kun en aktiv med videre som assistenttrener. De andre har enten sluttet eller kan ikke delta pga alder.

3 av spillerene kvalifiserte seg til bruttotroppen for regionslaget U16. Dessverre er videre aktivitet stoppet pga corona-restriksjoner.

4 av spillerene har fått delta på dommerkurset som ble avholdt i starten av mars, og vi satser på at laget har 4 nyutdannede dommere i løpet av en måneds tid.

Vi håper fortsatt på at vi skal kunne spille RM for JU17 og JU19 slik at vi kan forsøke å kvalifisere oss til eventuelle norgesmesterskap.

ÅRSRAPPORT 2020 – Damelaget Elite



Lag:	Damelaget - elite
Tal spelarar:	14 spelarar har løyst elitelisens
Turneringar / seriespel:	
<ul style="list-style-type: none">• Eliteturnering i Volda 26.-27. september: 4 kampar mot Førde og TIF Viking: 3 singlar og 1 tap• Serie: 3. oktober Oslo Volley – KFUM Volda 3-1• Serie: 4. oktober Koll – KFUM Volda 3-0• Serie: 10. oktober KFUM Volda – TIF Viking 3-2• Serie: 17. oktober BK Tromsø – KFUM Volda 3-0• Serie: 24. oktober KFUM Volda – Randaberg 0-3• NM Cup 16-dels finale 31. oktober Fagerlihallen: ÅVK - KFUM Volda 0-3• NM Cup kvartfinale 14. november KFUM Volda – TIF Viking 1-3• Serie: 21. november KFUM Volda – Skjetten 3-0• Serie: 28. november KFUM Volda - Oslo Volley 3-1• Serie: 12. desember Skjetten - KFUM Volda 0-3	

Treningar/trenarar:

Damelaget trenar alle kvardagar, og ofte doble økter med både styrketrening og ball. Det er også trening nesten alle helger, med mindre det er kamp. Vladislav Todorov leiar dei fleste øktene, men Maria Todorova og Rune Bernås har også vore aktive. Zdenek Xfpraha Weig har hatt ansvar for dei fysiske treningane.

Spelarar









- Anna Maria Aarseth

- Johanna Vikan Bø
- Julie Brænde Helle,
- Maria Iossifova Todorova
- Marie Brænde,
- Ralitsa Georgieva
- Silje Strand
- Nora Jenny Øvereng
- Hedda Jonette Øvereng
- Ingrid Indresøvdde Bernås
- Solveig Sunde
- Eline Vik Henriksen
- Runa Vik Arset
- Siri Stranden

Mål / kva har vi gjort?

Damelaget greidde ein sterk 5. plass i sin første sesong i Mizuno-ligaen, 2019-20. Etter nokre utskiftingar i stallen, har målet også denne sesongen vore i første rekkje å halde plassen.

Sesongen 20-21 har vore sterkt prega av koronasituasjonen. Damene var med i Eliteturneringa i Volda, og møtte der Førde og TIF Viking. Laget rakk å spele 8 kampar før utsetjingar slo inn og er no på 4.plass av 8 lag, så no er vel ambisjonane justert til å kome mellom dei fire beste, og dermed vere kvalifisert for «final four». Det er i skrivande stund litt usikkert korleis serieavslutninga kjem til å verte avvikla. Det som er avklart er at ingen lag rykkjer ned automatisk.

Lag	Poeng	Kamper			Sett		Poeng		Resultat						Settratio	Poengratio
		Spilt	Seier	Tap	Seier	Tap	Seier	Tap	3-0	3-1	3-2	2-3	1-3	0-3		
 BK Tromsø	21	8	7	1	22	4	627	477	6	1	0	0	1	0	5,50	1,314
 Randaberg IL	15	7	5	2	17	8	591	538	3	2	0	0	2	0	2,12	1,098
 Koll IL	14	5	5	0	15	5	480	361	1	3	1	0	0	0	3,00	1,330
 KFUM Volda	11	8	4	4	13	15	572	585	2	1	1	0	1	3	0,87	0,978
 Førde Volleyballklubb	10	8	3	5	14	19	701	688	0	2	1	2	1	2	0,74	1,019
 Oslo Volley	8	8	3	5	12	18	577	698	1	1	1	0	3	2	0,67	0,827
 TIF Viking	8	7	2	5	12	16	576	625	1	1	0	2	2	1	0,75	0,922
 Skjetten	0	7	0	7	1	21	393	545	0	0	0	0	1	6	0,05	0,721

I cupen vart det siger 3-0 over 2. divisjonslaget ÅVK. I kvartfinalen vart TIF Viking for sterke og vann 3-1.

ÅRSRAPPORT 2020 G2006-2007



Lag:	G2006-2007	Trenarar:	Camilla Humberset Bernt Humberset Leir Røv Gaute Gaudestad
Tal spelarar:	15	Oppmann:	Hanne Harnes
<u>Turneringar / seriespel:</u>			
•			

Gutane har hatt treningar to gongar i veka. Nokre av gutane har også tatt del på opne regionssamlingar.

Spelarar:

Spelarane er fødte 2006 og 2007. Vi opplever at vi har ei stabil spelargruppe med godt miljø og med gode føresetnader for å kunne ha det kjekt saman framover også.

Rekruttering:

G2006-gjengen tel no 6 gutar. Vi vonar vi kan rekruttere nokre til for å sikre ei stabil kjerne for vidare arbeid med eit GU17-lag på sikt. G2007-gjengen er sett saman av ei kjerne på 7-8 gutar som har vore med frå starten hausten 2017. Gutane som no er på trening er jamne og held eit godt nivå som gjer at ein på treningane kan utfordre dei både teknisk og taktisk. Måndagar har vi med 2-3 gutar fødte i 2008 på hospitering. Med opptil 18 på trening er det godt med 2 salar for å sikre nok plass og balltouch til alle.

Målsetting:

I årsmeldinga for 2019 står det: "For 2020 må målsettinga vere å greie å ta ut det store potensialet vi ser på trening i kamp. Det betyr at vi må øve på å kome oss ut av vanskelege oppstillingar i kampsituasjonar. I tillegg vil vi øve på å få til gode avslutningar på nettkanten."

Målsettinga i 2021 bygger vidare på det. Gjennom å bygge sjølvtilitt og godt lagmiljø vonar vi å kunne vise det beste vi kan by på i kampsituasjon også.

Vi ser at fleire av gutane kombinerer volleyball med annan idrett. Målsettinga for vidare er å behalde dei spelarane vi no har fått med. For å greie det er det viktig med god kommunikasjon med foreldre i forhold til datoar for arrangement og dugnadsoppgåver slik at det vert lett å planlegge i forhold til anna som skjer.

Vi gler oss også over at Volda Campus Sparebank 1 Arena er på plass. Etter kvart vil den kunne gi oss moglegheita til å bygge det sosiale miljøet rundt laget.

“Garderobebpraten” blir viktig og vi har også ei målsetting om at gutane skal kunne trekke veksler på arrangementet som vert i hallen.

Vi har også som målsetting å tilby styrketrening i tillegg til vanlig trening framover.

Kva vi har gjort, oppnådd:

Vinteren 2020 fekk vi spelt nokre kampar. Vi hadde sjeldan marginane på vår side og opplevde at gutane tok alle tapa tungt. Spesielt tungt var det å tape NM-plass på målstreken og vi var veldig bekymra for vegen vidare motivasjonsmessig. Så kom korona og alle planar for vidare trening og kamp vart sett på vent. Heldigvis dukka dei fleste av spelarane opp etter koronapause.

I haust rakk vi berre ei serieturnering i Ålesund før det stengte ned på nytt. Vi fekk då kamptrening mot Blindheim og Molde. Vi gler oss til ein kan ta opp igjen seriespelet. Hausten 2020 har vi fått med Leif Røv og Gaute Gaudestad i trenarteamet. Det har løfta nivået mange hakk. Vi har hatt mange gode treningar med høgt nivå og vi fekk også til ei intensiv periode med gjestetrenarar i romjula.

Vi må elles nemne at vi er så heldige å ha ei engasjert og støttande foreldregruppe som er gull verdt for laget og for oss som trenarar! Foreldregruppa betyr også mykje for utviklinga som laget har hatt.



ÅRSRAPPORT 2020 – GJ U13



Lag:	Gutar og Jenter U-13	Trenarar:	Henning Heltne Ragnhild Kile
Tal spelarar:	15	Oppmann:	Henning Heltne
<u>Turneringar / seriespel:</u>			
<ul style="list-style-type: none"> • September turnering Ellingsøyhallen 3 lag deltok - 11 seierer og 1 tap • Desember turnering Ellingsøyhallen 1 lag deltok - 4 seierer 			
Andre turneringar har vorte avlyst			

Treningar/trenarar:

En trening onsdager kl.17.15 til 18.45

En nytter vanlegvis full bane, men med inntrekk baklinje

6 spelarar har i tillegg trena/hospitert hos U-15 en dag i uka.

Spelarar

- Helene Kile Kolbjørnsen 2010
- Nelly Heltne 2010
- Eva Mari Knardal Hjelle 2009
- Emma Aarset Kvalsund 2009
- Ingrid Humberstet 2009
- Karen Ervik 2009
- Emilia Furuhaug 2009
- Frøya Bernseter Keilen 2009
- Kristian Kile Ottesen 2008
- Frode Kile Kolbjørnsen 2008
- Jørgen Sørheim Hjelle 2008
- Edna Todorova 2009 sept.-Okt., trener no med Elitelaget
- Agate Kvalheim-Tømmerstøl 2008
- Sondre Rekedal 2009
- Mads Blomvik 2009

Mål / kva har vi gjort?

- Ei trening organiseres vanlegvis med oppvarmingsøvelse 3 eller 4 driller/teknikkøvelser, samt en økt på over en halv time med diverse speltrening til slutt. En varierer mykje og 2 treningar er aldri like.
- En har som mål at alle i gruppa skal klare 100-klubben i løpet av sesongen (4 manglar)
- En har hatt spesiell fokus på å bevege beina, bevege seg mot ball.

- En starta sesongen med mål å kunne spele 8'er volleyball U 13 (med kortere bane), men pga at det ikkje ble slike turneringer, har en på trening fokusert meir på variasjonar med 3'er volleyball da dette gir meir ballberøringar og da meir trening.
- Eit overordna mål for jentegruppa er å arbeide mot kvalifisering til NMU15 2023-24

Generelt:

Trening med gutar saman med jenter har fungert godt. Gjengen er godt samansveisa og gode vener, og det har vært god stemning på trening i det siste.

En har ingen 2009 gutar og berre 3 stk. 2008 gutar. Så der er rom for rekruttering. I denne aldersgruppa.

En har 6 stk. 2009 jenter (7 med Edna), og 2 stk. 2010 jenter, men også hos jentene skulle vi ha hatt noen flere for å kunne stille eit robust U-15 team om eit par år.

02.03.2021 HH